Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Delegert vedtak

Tarald Johan Nomeland
Setesdalsvegen 3276
4748 RYSSTAD

Arkivsaksnr: 2021/1681-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 19.02.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	33/21	
Verneområdestyret for SVR		

Innvilga søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR. Sandvasskvæven 68/5. Tarald Johan Nomeland. Valle kommune.

Syner til søknad datert 17.2.2021. Vedtak og saksframstilling ligg ved. Dokumentet, saman med loggskjema, må takast med under transporten.

Klage
Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL. Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram

Med helsing

Jørn Trygve Haug
verneområdeforvaltar SVR

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Kopi:

Valle kommune	Postboks 4	4746	VALLE
Statsforvalteren i Agder	Postboks 504	4804	ARENDAL

Vedtak


Med heimel i kapittel IV pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Tarald Johan Nomeland løyve til å nytte snøscooter til frakt av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytta ved Sandvasskvæven 68/5 i Valle kommune. Løyvet gjeld for ein snøscooter og inntil 8 turar pr. år. Transporten må gjennomførast seinast 30.4 kvart år. Løyvet gjeld fram til og med 30.4.2024. Transporten skal følgje ruta teikna inn på kartet i vedtaket.

Løyvet gjeld også for Sandra Birkenes.

Andre vilkår:

- Løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark.*
- Om transporten går over andre sin eigedom må innehavar av løyvet sjølv hente inn samtykke frå grunneigar
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Løyvet kan trekkast attende på kort varsel i periodar om omsyn til viltet tilseier det
- Om det vert oppdaga villrein under transporten skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade

Kart over godkjend transportrute



Saksopplysninger

Tarald Johan Nomeland har søkt om bruk av snøscooter til frakt av materialar, brensel, utstyr og proviant til støylen han eig i Sandvasskvæven 68/5 i Valle kommune. Støylen ligg ein snau kilometer inn forbi vernegrensa. Det vert søkt om løyve for fire år med inntil 8 turar pr. år. Utgangspunktet for transporten er Jarnsverk – Myklevatn. Kart over transportruta er teken inn i vedtaket i saka. Løyvet skal også gjelde for Sandra Birkenes (ektefelle).

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.
- Vedtak i verneområdestyret 5.11.2018, sak 32/18, om delegering av saker til forvaltningssekretariatet

Heimelsgrunnlag
Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kapittel IV pkt. 5.4.c kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøscootertransport for transport av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)
Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

I naturbasen ligg hytta i områda merka av som vinterbeite for villrein. Eit stykke mot vest går grensa til trekksone for villrein (Vardsvatn – Kvislevassnuten) der det jamfør verneforskrifta

kap. IV pkt. 4.2 er ferdselsforbod i perioden 15.4 – 20.5. Transportruta går ikkje innom denne sona

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)
Transporten følgjer i all hovudsak vinterstengd veg Brokke – Suleskard med mykje trafikk gjennom sommarhalvåret. Vinterstid er det merka vinterløype langs vegen og vidare inn til Øyuvsbu turisthytte. Frå Brokke vert det frå tid om anna preparert skiløype fram til vernegrensa. Traseen for turrennet Sesilåmi følgjer delvis vegtrasseen. I aust ligg Evardalen og Myklevatn med mange fritidsbustader og naturleg nok med ein god del ferdsel ut i frå desse områda.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga høg. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at en ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)*
Tiltakshavar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

Andre vurderingar
Løyvet gjeld for ein snøscooter. Av praktiske omsyn og tryggleiksomsyn kan to snøscooterar køyre saman. Det er då ein føresetnad at førarane køyrer saman og at begge snøscooterane deltek aktivt i transporten. Båe turane må då førast opp på loggskjemaet som følgjer snøscooterløyvet.

Konklusjon

Transportane vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Transporten kjem ikkje i konflikt med verneformålet. Transportane vil heller ikkje vere eit trugsmål mot naturmangfaldet. Det kan difor gjevast løyve på vilkår